



Lindås Rør & Sanitær AS
Burkhovdane 1
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1278 - 19/20952

Saksbehandlar:

Larissa Dahl

larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:

10.10.2019

Godkjenning - løyve til tilkopling av bustad til kommunalt VA-anlegg, oppgradering av landbruksveg og mur- gbnr 52/5 Kårbø Administrativt vedtak. Saknr: 241/2019

Tiltak

Saka gjeld søknad om tilkopling av bustad på gbnr 52/5 Kårbø til kommunale VA-leidningar, oppgradering av mur bak bustad i nord og oppgradering av landbruksveg langs vist leidningstrase i sør-vest.

Kommunen har i brevet av 04.12.17 i DS 337/2017 sak 17/1278 gjeve pålegg om tilkopling av eigedommen gbnr 52/5 på Kårbø til kommunalt VA-anlegg.

Det vert elles vist til søknad om løyve, motteken 07.10 og supplert 08.10.19.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den vart motteken. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 08.10.19.

Dokumentasjon vart motteke ved brev frå ansvarleg søkjar 08.10.19.

Saksutgreiing:

Lindås rør og sanitær AS har søkt løyve for tilkopling av bustad til kommunalt VA-anlegg, oppgradering av eldre landbruksveg langs leidningstrase og oppgradering av mur bak bustaden i nord.

Vurdering:

Planstatus

Gbnr 52/5 ligg i uregulert område og ifølgje arealdel til kommuneplan for Meland kommune er avsett til LNF-område. Tiltaket er i samsvar med planføremål når det gjeld tilkopling av bustad til kommunalt VA-anlegg.

Postadresse


postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no



Nabovarsling

Tiltaket vart ikkje nabovarsla i samband med pbl § 21- 3. Kommune kan ikkje sjå at arbeidet råka naboar sine interesser når arbeidet skjer på eigen grunn gbnr 52/5.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart datert 25.09.19 motteke 07.10.19.

Ansvarsrettar

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan versjon 1 dagsett 03.10.19, motteke 07.10.19 vedlagt søknaden. Ansvarlege føretak i byggesaker innestår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf. pbl kapittel 23.

Vedtak:

«Meland kommune gjev i medhald av Pbl §§ 20-1 a) løyve for oppgradering av eksisterande landbruksveg og mur, legging av VA-leidningar i grunn ved tilkopling av bustad på gbnr 52/5 på Kårbo i samsvar med søknad med vedlegg motteke 07.10.19. **Gravemelding skal sendast inn før arbeidet kan setjast i gang.**

Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gjeve unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan motteke 07.10.19, jf. pbl § 23-3.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. Matrikkellova.

Løyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf. pbl § 21-9.

Med heimel i Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg godkjenner Meland kommune vidare at eigedommen gbnr 52/5 vert tilkopla kommunalt VA-anlegg påfølgjande vilkår, jf. søknad motteke 07.10.19:

1. Tilkoplinga for 1 bueining skjer på vilkår fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale i samsvar med situasjonsplan motteke 07.10.19.
2. Alle sanitærinstallasjonar skal følgje standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, jf. kommuneforlaget.
3. Tilkopling skal skje i kum. Ta kontakt med kommunen si driftsavdeling for tilvising av plassering.
4. Melding m/ dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilkopling er utført.
5. Eventuell vassmålar installerast for tiltakshavar si rekning og med melding til kommunen.
6. Gebyr for tilkopling vert fastsett i samsvar med gjeldande gebyrregulativ for 2019 der tilknytingsgebyret i 2019 for vatn er kr. 20 000,- og for kloakk kr. 20 000,- pr. bueining + mva.
Gebyr for høvesvis tilkopling til kommunalt VA-anlegg og kommunen si sakshandsaming vert ettersendt.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Vestland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga blir ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det blir kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
Sektorsjef teknisk

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om sanitærabonnement
Kart
GBNR 52/5 Søknad om igangsettingstillatelse - graving av grøfter

Kopi til:

Tore Kårbø	Kårbø 35	5917	ROSSLAND
------------	----------	------	----------

Mottakarar:

Lindås Rør & Sanitær AS	Burkhovdane 1	5914	ISDALSTØ
-------------------------	---------------	------	----------